



Anita Bakken
Stranda 800 B
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2241 - 18/36642

Saksbehandlar:
Johnny Danielsen
johnny.danielsen@lindas.kommune.no

Dato:
06.12.2018

Referat frå møte i Skulemiljøutvalet onsdag 5. desember 2018

Desse møtte:

Johnny Danielsen (Rektor), Birgitte Smådal (Lærer), Maja Andvik Totlandsdal (Elevråd), Melina Isadora Lid Myhr (Elevråd), Gullborg Tresnes (Andre tilsette), Ann Kathrin Espevoll (FAU), Marius Hindenes (FAU), Laila Hindenes (FAU).

Sak 07/2018-2019 Godkjenning av:

- a) Innkalling
- b) Sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent utan kommentarar.

Sak 08/2018-2019 Elevundersøkinga hausten 2018.

Resultata kom denne veka og dei samla resultata syner at vi skårar bra på trivsel, motivasjon, læringsvilje og arbeidsforhold i klassane, og at elevane opplever stor støtte, oppmuntring, help og forventningar frå heimane. Lærarane på mellomsteget har nettopp starta arbeidet med å analysere desse resultata for å sjå på variasjonar i svarfordeling, og forskjeller mellom dei tre klassane. Rektor vil gje ein litt meir utvida analyse i møtet til våren.

Sak 09/2018-2019 Ståa vedrørande trivselsleiarprogrammet.

Leiargruppa for rektorane har dette på saklista si, og det vil bli tatt opp i samband med utviklinga av prosjektet «Betre Læringsmiljø» som er felles for Meland, Lindås og Radøy i samanslåingsprosessen. SMU lurte på om vi kan ha eit eige, litt mindre «aktivitetsleiarprosjekt» i påvente av denne prosessen. Det kom og spørsmål om gymsalen nyttast for nokre elevar i friminutta for å auke aktivitetsnivået. Rektor tar dette opp i skulen sin plangruppe.

Sak 10/2018-2019 Prosjekt «Grønt flagg».

Plangruppa på skulen har sett og vurdert prosjektet «Grønt flagg». Sidan det ligg ein del



oppfølgingarbeid rundt dei 7 faktorane i prosjektet, ønskjer ikkje skulen å gå inn i dette på noverande tidspunkt. Grunnen til det er at det vert mykje oppfølgingsarbeid neste skuleår med implementeringa av Canvas, og ikkje minst arbeidet med å utvikle nye lokale årsplanar etter innføringa av fagfornynging. SMU var einig i skulen sin vurdering.

Sak 11/2018-2019 Fulle skulebussar.

Vi har innhenta opplysningar frå dei fleste klassane, og oppdaga problem knytt til system frå Skyss, men og åtferd knytt til elevar på ungdomskulen og barneskulen. Rektor vil sende mail til Skyss om dei tinga vi oppfattar som deira avvarsområder, og snakke med ungdomskulen om problema knytt til deira elevar. I tillegg må vi ta opp åtferd knytt til skulebussane med våre egne elevar. SMU snakka ein del om korleis dei vaksne bør opptre som bussvaktar, og vi blei einige om at rektor skal utarbeide ein instruks for bussvaktar. I tillegg bør vi ha ein kampanje om «Kva er ein god busspassasjer».

Sak 12/2018-2019 Mobilbruk på skulen.

Vi har hatt ein runde på skulen om dette temaet, og i 7. klasse har det vore nokre tilfeller av mobilbruk i skuletida. Kontaktlærar har derfor starta å samle inn mobiltelefonane i klassen om morgonen, og oppbevarar dei til skulen er slutt. I dei andre klassane er ikkje problemet så omfattande at vi treng noko prosjekt rundt dei foreløpig. Regelen er at mobiltelefonen skal ligge avslått i sekken, ein regel som i stor grad overhaldast. Det er sjølvstundt nokon innimellom som «gløymer seg», men dette vert tatt fortløpande av lærarane. Eit problem er at nokre elevar har mobilen avslått i jakkelommen på gangen. Då er den meir utsatt for tjuveri, men det er eit val eleven gjer. Vi kan ikkje ha oversyn over kor elevane har sine mobilar til ein kvar tid.

SMU meiner vi bør ha nulltoleranse for mobiltelefonbruk i skulen, og ta ein runde om å opprette «mobilhotell»for heile eller deler av skulen (5-7 trinn).

Sak 13/2018-2019 Eventuelt.

FAU - TEMAKVELD

FAU ønskjer å lage til ein temakveld med «Barnevakten» (og kanskje politiet) for elevar og foreldre i slutten av februar. FAU ønskjer å gjere denne kvelden obligatorisk for elevane i 6. og 7. klasse. Dette kan gjerast mot at elevane får avspassere tida ein annan skuledag, og at informasjon om dette er sendt ut til heimane det gjeld i god tid før temakvelden.

Med helsing

Johnny Danielsen
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anita Bakken

Stranda 800 B

5993

OSTEREIDET